

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref
18/3391

Vår ref
18/1559-3

Dato
6. september 2018

Endringar i offentleglova m.m. - høyring

Vi viser til brev av 4. juli 2018 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet støttar forslaga i høyringsnotatet men har følgjande merknader:

Til pkt. 3.3 Lov- og forskriftsfesting av tilgangen til regjeringsdokument

Vi har erfaring bl.a. med at regjeringa tek stilling til prinsipp, men at det står igjen avklaringar som krev langvarige oppfølgingsprosessar hos fleire departement. Det kan dreie seg om forskriftsmessige operasjonaliseringar og konkretiseringar av prinsippavklaringa, eller den reint praktiske gjennomføringa av ei regjeringsavgjerd.

Slike prosessar kan vare i fleire år, og det kan vere vanskeleg å ta stilling til om dei dokumenta som blir laga etter regjeringsbehandlinga er laga av eit "innhentande" departement som nemnt i offentleglova § 15 tredje ledd eller eit "svarande" departement som nemnt i offentleglova § 15 fyrste ledd anna punktum. Det er ofte ikkje naturleg å seie at det er det eine av desse departementa som treng avklaringa til den "interne" saksførebuinga si.

Vi legg til grunn at høyringsforslaget byggjer på ein føresetnad om at slike dokument, eller delar av dei, skal vere omfatta av unntaket frå innsynsretten. Det kan likevel bli spørsmål om det som står i "motiva", samanlikna med det som står i forslaget til ny § 14 i offentleglova, viser tilstrekkeleg klart at denne typen "etterarbeid" er omfatta av føresegna. Vi vil derfor foreslå at det blir vurdert om dei tilfella som er nemnt i forslaget til nytt § 7 anna ledd bokstav f) i sivilombodsmannslova også bør takast med i offentleglova § 14 anna ledd anna punktum og/eller i motiva.

Til forslaget til nytt fjerde punktum i § 14, første ledd - "Unntaket i første punktum gjeld sjølv om dokumenta som er nemnde i andre og tredje punktum, blir sende mellom fleire departement."

Vi legg til grunn at føresegna også er meint å gjelde for tilfelle der dokument blir sende mellom to departement. For at det skal gå heilt tydeleg fram bør det vurderast følgjande

ordlyd: ". . blir sende mellom to eller fleire departement.", alternativt ". . blir sende mellom departementa."

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)
avdelingsdirektør

Kjersti Nikolaysen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar